

NotatDato: 08.12.2017
Arkivsak: 2014/11640-111
Saksbehandlar: tortitt

Til: Per Morten Ekerhovd

Frå: David J Aasen Sandved, Tor Andreas Titlestad

Kulturminnevern og verdiskaping. Søknad om overføring av løyvde midlar til 2018

Prosjektet Reiseliv i industriens vogge 2013-2016 var eit samarbeidsprosjekt mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar og del av Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram.

Prosjektet vart ikkje stilt ferdig i 2016, og det vart fremja sak om avslutning av prosjektet, jf Utval for kultur, idrett og regional utvikling sak PS 146/2016 i møte 08.11.2016. Fylkesrådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til målet om slutføring av prosjektet Reisemål i industriens vogge og løyver kr 270.135. Løyvinga vert dekt av restmidlar på prosjektkonto (kr. 171.500) og frå bunde fond for verdiskapingsprosjekt (kr 99.000), til saman kr 270.135.

Avslutninga av prosjektet har ikkje kome i gang i 2017, slik dette var føresett i saka. Årsaka til dette vil rapporterast til KIRU i ny politisk sak som administrasjonen vil førebu i 2018. Saka vil óg gje framlegg om kva midlane kan nyttast til, basert på prioriteringar i regional kulturplan sitt handlingsprogram for 2018.

I rekneskapen for 2015 stod det bokført kr 359.000 på prosjektkonto. 16.02.2016 vart det betalt ei rekning på 187.500, slik at det står att kr 171.135. Men her er ikkje rekna med momsrefusjonen for 187.500 (25%)= 46.875.

Midlar som skal verte overført vert då: $171.500 + 46.875 + 99.000 = \underline{317.010}$.

Vi søkjer med dette om at kr 317.010 vert overført til 2018.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Kopi: Irene Fredheim Kronen, KIA